

Møte:	STYREMØTE	Tilstede:	Anne Stine, Carl Otto, Jørgen, Even, Kirsti, Ingrid, Siri
Møtedato:	31.05.19		
Tidspunkt:	12-16		
Sted:	RBUP Nydalen		
Møteleder:	Anne-Stine Meltzer		
Referent:	Siri	Forfall:	Linda

Saksnr.	
26-19	Godkjenning av referat Godkjent utan merknad.
27-19	<p>Orienteringssaker <u>Nytt frå Helse Sør Øst</u> Landets fagfelt vart presentert på ein god måte på konferansen i mai. Dei kjem også til konferansen i oktober. Dei er opptatt av å tette gapet etter pakkeforløp. Elisabeth Arntzen.</p> <p><u>HDir</u> Transseksualisme på agendaen, raskare enn opprinneleg planlagt. Referansegruppe med oppstart 18/6, Anne Stine møter og evt også Linda med mtp barn- og ungekongressen. Korleis ser BUP-feltet på denne pasientgruppa. Styret følger opp i august.</p> <p><u>Pakkeforløp</u> Det skal vere møte 5/6 med fagansvarleg pakkeforløp mtp korleis det fungerer så langt. Kor buttar det mest? Anne stine har ein god «instruksjonsvideo», kanskje kan denne brukast av fleire. Korleis kan ein få til samarbeid mellom første- og andrelinjetenester og med brukarorganisasjonar slik at det vert best mogleg flyt og best mogleg hjelp. Får ikkje løyst dette i spesialisthelsetenesta åleine. Vi må innsjå at dette tek tid, truleg ca 3 år før alt fungerer godt. Vanskeleg med logistikk i mange foretak. Korleis organiserer foretaka logistikkstøtte.</p>
28-19	<p>Administrasjonsutvalget: <u>Evaluering Trondheimskonferansen</u></p> <p>Bra program, overordna «raud tråd», konstruktive innlegg.</p> <p>Gode tilbakemeldingar frå ungdomsrådet.</p> <p>Bør ikkje ha innlegg over 45 minutt, evt må vi legge inn pause. Treng også litt meir «luft» gjennom dagen til diskusjonar.</p> <p>Litt tett program, bør vere mulighet for meir gruppesamtaler.</p> <p>Dette er ein viktig nettverksarena.</p> <p>Vi problematiserer at det var fleire store klinikkar som ikkje var representert i det heile.</p>

	<p><u>Ledersamling Oslo høsten 2019. Forberedelser</u></p> <p>22-24 oktober i Oslo.</p> <p>Overordna tema: Ledelse i ein omskiftelig tid.</p> <p>Det er verdiane vi skal styre etter. Rekruttering, trivsel og rammer i spesialisthelsetenesta.</p> <p>Seksuell helse og kjønnsinkongruens siste dag.</p> <p>«Brain storm» mtp ulike innledere.</p> <p>Dag 2 vil vi prøve oss på panelsamtaler og/eller rundebordskonferanse. Siri leder. Også ein litt friare bolk om lagbygging.</p> <p>Endeleg program spikrast på møtet i august.</p>
29-19	<p>Valg av ny leder for administrasjonsutvalget</p> <p>Jørgen Blom vald ved akklamasjon.</p>
30-19	<p>Kongressutvalget:</p> <p><u>Status i arbeidet for alle utvalg for Barne- og ungekongressen 2020</u></p> <p>Denne posten vart flytta til neste møte pga sjukdomsforfall hos Linda.</p> <p>Jørgen treng innspel til kulturinnslag og arrangement i tilknytning til kongressen. Idear kan sendast til Jørgen.</p>
31-19	<p>Internasjonalt/sosialpolitisk utvalg:</p> <p><u>IACAPAP bulletin</u></p> <p>Ikkje ny bulletin sidan sist, neste kjem i juni.</p> <p>Kirsti og Even jobbar vidare med innlegg frå NBUP.</p> <p>Europeisk konferanse i Wien i sommar med spennande program, interesserte kan lese på Escap</p>
33-19	<p>Eventuelt</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Astrid Dahlgren frå RKBU ønsker å bruke NBUP for å nå ut til fleire – effekter av behandling av depresjon og angst hos barn og unge, kva ønsker ein det skal forskast på. Må også sendast til RHF'ane. Vi kan legge ein tekst på vår heimeside, men dei må sjølve kontakte etter adresselista som ligg på heimesida. Vedtatt. 2. Kirsti purrer Helse Nord mtp oppdatert adresseliste. 3. Barneombudet vil i 3 år framover ha fokus på spesialisthelseteneste for barn og unge. Kirsti har fått info om dette via fagutvalget i psykologforeninga. Utfordring å halde på spesialistar i ein del område, enkelte tenester blir flytta og sentralisert, tilbod i mange kommunar er ikkje godt nok bygd opp. 4. Mitt Liv/Forandringsfabrikken. NBUP ved styret er invitert til boklansering. Det har blitt ei veldig flott bok. «Psykisk helsevern fra oss som kjenner det» - Universitetsforlaget.

	<ol style="list-style-type: none">5. Samhandlingsforum BUP-Barnevern neste veke. Eiga sak om dette på neste styremøte.6. Anne Stine informerer avslutningsvis om at ho kjem til å gi seg som styreleiar etter generalforsamlinga i haust. Ho vil lage eit årshjul som hjelp til ny leiar, og vil også bidra med hjelp og støtte i overgangen ved behov.
34-19	Evaluering